

Kjære forfattarar

God september!

Hausten er godt i gang, og noko av det sekretariatet i Forfatterforeningen arbeider med i desse dagar, er eit innspel til Arbeids- og inkluderingsdepartementet som peikar på kor viktig det er å betre dei sosiale rettane til forfattarane.

Skjønnlitterære forfattarar med ein medianinntekt på 140 000 tar seg sjeldan råd til å spare til pensjon. Låge og variable inntekter gjer det rett og slett vanskeleg for mange forfattarar å prioritere å setje av pengar til pensjonssparing. Særs mange skjønnlitterære forfattarar endar derfor opp med minstepensjon frå folketrygda som einaste pensjonsordning. Ein minstepensjonist i 2023 får 257 040 kroner.

På årsmøtet i mars vedtok årsmøtet at «DnF skal arbeide for å styrke eldre forfatteres økonomi og fortsette arbeidet for å oppnå bedre vilkår for denne forfattergruppa». For å oppnå betre økonomiske vilkår er betre pensjonsvilkår heilt avgjerande.

Regjeringa ynskjer no innspel om utfordringar knytte til sosiale ordningar i arbeidet med å konkretisere og følge opp sine uttalte ambisjonar for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar. Forfatterforeningen arbeider som nemnt i desse dagar med eit utfyllande innspel, men styret og sekretariat vil også oppfordre alle forfattarar til sjølve å sende inn innspel.

Det kan for eksempel gjerast med følgjande tekst:

«Som skjønnlitterær forfatter vil jeg takke for at regjeringen har tatt initiativ til å bedre sosiale ordninger for selvstendig næringsdrivende og frilansere. Jeg er bekymret over at forfattere har svakere sosiale rettigheter enn øvrige arbeidstakere. Jeg støtter Den norske Forfatterforenings høringsinnspill, og vil vektlegge følgende:

- At sykepengedekningen for selvstendig næringsdrivende (enkeltpersonforetak) økes til 100 prosent fra 17. sykedag.
- At det utredes hvordan selvstendig næringsdrivende (enkeltpersonforetak) kan opparbeide seg bedre rettigheter for de første 16 sykedagene, enten gjennom en utvidet rett til sykepenger eller gjennom en gunstigere forsikringsordning.
- At det utredes en inntektssikringsordning for selvstendig næringsdrivende som tar hensyn til kunstnerøkonomien, og som fungerer tilsvarende dagpenger.

- At det utredes, og vurderes å innføre, en oppdragsgiveravgift.
- At det innføres minstefradrag på næringsinntekt, tilsvarende dagens minstefradrag på lønnsinntekt, for å motvirke den negative effekten som investeringer i egen næringsvirksomhet har for beregningsgrunnlaget av trygdeytelser.
- At det sikres tjenestepensjonsrettigheter på den type inntekter skjønnlitterære forfattere faktisk har, som for eksempel lønn fra korte ansettelse, frilansinntekter og arbeidsstipender, jf. prinsippet om pensjon fra første dag og første krone.

Jeg støtter Den norske Forfatterforening i at all inntekt skal telle med i forfatteres opptjening av pensjon.

Vennlig hilsen xxx»

---

Dette er berre eit forslag, og de må gjerne justere og endre som de synest blir best, både språkleg og innholdsmessig. Frist for innspel er 15. september, altså om ei veker tid. Innspelet kan sendast til:

[postmottak@aid.dep.no](mailto:postmottak@aid.dep.no)

Merk e-posten med «Innspill selvstendig næringsdrivende og frilansere».

De finn meir informasjon her:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/vil-ha-innspill-om-utfordringer-knyttet-til-sosiale-ordninger-for-selvstendig-naringsdrivende-og-frilansere/id2983763/>

Elles vil eg minne om medlemsmøtet 4. november. Invitasjon kjem om ikkje lenge.

Vi ynskjer også innspel til kandidatar til verv i Forfatterforeningen. Les meir om dette på nettsida vår: <https://www.forfatterforeningen.no/artikkel/forslag-til-kandidater-2/>

Beste helsing

Brynjulf Jung Tjønn